



KYSTVERKET

Vest

Lindås kommune
postmottak@lindas.kommune.no
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.:
14/1846 - 15/2263

Vår ref.:
2011/4719-24

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Johan Sørensen

Dato:
24.02.2015

Uttale - søknad om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen og utviding av akvakulturanlegg ved lokasjon 26295 Langøy i Lindås kommune - Hordaland fylke

Vi viser til brev av 2. februar 2015 vedkomande søknad frå Eide Fjordbruk As om dispensasjon frå kommuneplanen i samband med utviding av område for akvakultur ved lokalitet 26295 Langøy.

Bakgrunn for søknaden er at Eide Fjordbruk ønskjer ein betre og meir driftssikker lokalitet med m.a. overgang frå stålanlegg til anlegg med 5 plastringar i rammefortøyning. Det har vært visse utfordringar i samband med plassering og fortøyning av anlegget, og søkar har derfor endre noko på plasseringa av sjølv anlegget, noko vi er blitt orientert om frå Akvasafe, seinast med oppdaterte kart og posisjoner ved e-postar av 23. februar 2015. Kopi av kart med anlegget innteikna samt oversikt over hjørneposisjonar av anlegget følgjer vedlagt.

Anlegget søkes lokalisert i Fensfjorden, registret som bilei 2274. Av viktige navigasjonsinstallasjonar finn ein nord for lokaliteten Terneskjæret fyrlykt og i aust Kvamsøyna fyrlykt. Anlegget vil ikkje ligge i direkte konflikt med navigasjonssignal frå lyktene.

Det er noko skipstrafikk i det aktuelle sjøområdet, men mye av denne trafikken er i samband med oppdrag for oppdrettsnæringa til anlegg i tilgrensande områder. Sjølv om omsøkt anlegg vil kome lenger ut i fjorden og såleis vil redusera farleisarealet, skulle det likevel være tilstrekkeleg areal igjen til den sjøtrafikken som til er vanleg i den del av fjorden.

Kystverket vil såleis ikkje motsette seg at det blir gitt dispensasjon frå kommuneplanen for etablering av anlegg for oppdrett av matfisk. Dette under føresetnad av at ytterdel av anlegget ikkje kjem lenger ut i fjorden enn angitte ytterposisjonar for anlegget, dvs som angitt av søkar ved mail av 23. februar 2015 i ei linje avgrensa på følgjande posisjonar N 60°46,884 E 05°09.787 og N 60°46,847 E 05°09,883.

Vi gjer elles merksam på at Kystverket vil ta endeleg stilling til anleggets plassering ved handsaming av sjølv søknaden om etablering av anlegg etter bestemmingane i havne- og farvannsloven.

Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
		Telefaks:	+47 70 23 10 08	E-post:	post@kystverket.no
		Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Med helsing

Knut Stenevik
avdelingssjef

Johan Sørensen

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:
Hordaland fylkeskommune hfk@post.hfk.no
Eide FjordbrukAs/Akvasafe ingve@akvasafe.no
Fiskeridirektoratet region postmottak@fiskeridir
Vest .no

Vedlegg:
E-post av 23.02.15 med posisjonar over anlegget
Sjøkart der anlegget er innteikna